

Avtale om produksjon av brukartenester til tekstsamling

Table of contents

1. Avtalepartane.....	2
1.1 Bruksrettstingar (nedanfor: tingar).....	2
1.2 Bruksrettsprodusent (nedanfor: produsent).....	2
2. Formålet med avtalen.....	2
3. Tekstane i tekstsamlinga.....	2
4. Produsentens pliktar og ansvar.....	2
5. Rettar.....	3
6. Garanti.....	3
7. Usemje.....	3
8. Oppseiing av avtalen.....	3
9. Avtalestart, moglege endringar.....	3
10. Underskrifter.....	4
11. Vedlegg.....	4

1. Avtalepartane

1.1 Bruksrettstingar (nedanfor: tingar)

Opphavsrettsleg stilling	
Namn	
Adresse	
Postnummer og -stad	

1.2 Bruksrettsprodusent (nedanfor: produsent)

Opphavsrettsleg stilling	
Namn	
Adresse	
Postnummer og -stad	

2. Formålet med avtalen

2.1 Dette er ein avtale mellom tingar og produsent. Formålet med avtalen er å regulere kva produsenten skal gjere med tekstsamlinga på vegner av tingar. [Dette punktet kan òg skildra produsenten. Skildringa inneheld ei kortfatta oversikt over kva tenesteleverandøren gjer og er.]

2.2 Etter denne avtalen har produsenten forplikta seg til å plassere tingaren si tekstsamling på ein tenar som han/ho forpliktar seg til å ha ansvaret for.

2.3 Produsenten forpliktar seg til å lagre tekstsamlinga på ei datamaskin på ein slik måte at ho er tilgjengeleg for dei forskarane som tingaren har gjeve bruksrett til tekstsamlinga til, slik at dei kan bruke tekstsamlinga.

3. Tekstane i tekstsamlinga

3.1 I vedlegg 1 står ei liste over tekstane som høyrer til i tekstsamlinga, kor store dei er, og kva avtale som er gjort om dei.

4. Produsentens plikt og ansvar

4.1 Produsenten har ansvar for at dei bruksoppgåvene som er definert for han i punkt 2 i denne avtalen blir utført profesjonelt og etter god teknisk yrkesskikk.

4.2 Produsenten er ansvarleg for å følgje slik god skikk for elektronisk datahandsaming at datatryggleik og datavern blir teke vare på.

4.3 Produsenten garanterer for at vilkåra i avtalen blir oppfylde innafor normal oppetid.

4.4 Produsenten garanterer for dei maskinene som er i hans eller hennar eigne lokale, og for at tryggleikskopiar vil bli tekne og oppbevart på ein måte som samsvarar med profesjonell og god teknisk yrkesskikk.

5. Rettar

5.1 Eigeidsrettane og dei immaterielle rettane til tekstane, produkta og dei avleidde programma som tingaren har lisensiert, eig, leiger, har laga, eller dei avleidde programma som tingaren har bruksrett til, blir ikkje overført til produsenten som eit resultat av denne avtalen.

5.2 Produsenten har bruksrett til programprodukta og skildringane som tingaren har gjeve til produsenten, og det berre for å utføre arbeidsoppgåver for tingaren. Tingaren har ansvaret for å skaffe naudsynte løyve for å utføre desse oppgåvene.

5.3 Tingaren kan, om han/ho vil, få tilgang til resultatet av utviklingsarbeidet til produsenten, eller til tredjepart. Det skal gjerast separat avtale om overføringa av produkta frå utviklingsarbeidet til tingaren.

6. Garanti

6.1 Viss det er manglar eller feil i databasen som følgje av feil produsenten har gjort, skal produsenten få databasen i normaltilstand utan forseinkingar, og kostnadsfritt for tingaren.

6.2 Viss det er manglar eller feil i databasen som følgje av feil tingaren har gjort, skal partane i lag bli samde om å få databasen i normaltilstand. Produsenten utfører naudsynt dataarbeid kostnadsfritt/til avtalt pris.

6.3 Produsenten har ikkje ansvar for feil eller manglar som kjem av feil eller manglar i data, informasjon eller rettleiing frå tingaren, eller i data eller informasjon formidla av eller vist til av tingaren.

7. Usemje

7.1 Partane skal primært prøve å løyse mogleg usemje via forhandlingar.

8. Oppseiing av avtalen

8.1 Begge partane har rett til å seie opp avtalen med 6 månaders varsel.

9. Avtalestart, moglege endringar

9.1 Denne avtalen tek til å gjelde når begge partane har underteikna han.

9.2 Det er laga to eksemplar av denne avtalen, ein til kvar avtalepart. Avtalen kan endrast berre med avtalepartanes felles skriftlege avtale.

10. Underskrifter

Tingar	Produsent
Tid og stad	Tid og stad
Underskrift:	Underskrift:

11. Vedlegg

Vedlegg 1. Skildring av tekstane.